



OSTERØY
KOMMUNE

Anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

EIGARSKAPSMELDING

Innhold

| | |
|---|----|
| INNLEIING | 3 |
| NO-SITUASJONEN | 4 |
| ANLEGG I KOMMUNEN | 5 |
| Fotlandsvåg idrettspark | 5 |
| Furubakken – Valestrand | 5 |
| Hausvik idrettsplass | 6 |
| Hjellvik..... | 6 |
| Osterøy stadion - Lonevåg | 6 |
| Øvrige idrettsanlegg..... | 6 |
| Friluftslivsanlegg | 7 |
| Statleg sikra friluftslområder | 7 |
| Andre friluftsområder | 7 |
| Osterøyhallen..... | 8 |
| VILKÅR | 8 |
| Nasjonale vilkår..... | 9 |
| Lokale vilkår | 10 |
| Kommunale støtteordningar | 11 |
| Tilrettelegging for friluftsliv..... | 13 |
| Modellar og vurdering av eigarforhold | 13 |
| AKTUELLE MODELLAR FOR EIGARSKAP | 14 |
| Alternativ 1..... | 14 |
| Alternativ 2 | 15 |
| VURDERING OG KONKLUSJON | 15 |
| REFERANSAR | 16 |

Innleiing

Anlegg for å vera fysisk aktiv er viktige helsefremjande arena for alle i samfunnet. Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er ei viktig kjelde til livskvalitet og helse, både den fysiske, så vel som den psykiske. Idretten er noko som engasjerer mange. Det handlar om sosiale fellesskap, god helse og gode oppvekstvilkår. Deltaking i idrett er òg ei kjelde til glede, overskot og meistring (regjeringen.no, 2014). Miljødirektoratet skriv følgjande om kva fagtemaet friluftsliv omfattar «...alle områder som har betydning for allmennhetens mulighet til å drive friluftsliv som helsefremmende og triveselsskapende aktivitet i nærmiljøet, og i naturen ellers» (Miljødirektoratet, 2020).

Vi skil mellom ordinære anlegg og nærmiljøanlegg der førstnemnte er anlegg å drive organisert idrett. Slike anlegg skapar gode møteplassar og er ein stad å vera fysisk aktive for både barn og vaksne. Det er mange flotte anlegg i Osterøy kommune som bidreg til dette. Eit godt anlegg for fysisk aktivitet kan vera alt frå ein tilrettelagt skogssti til skiløype, kunstgrasbane, friidrettsbane og større fleir brukshaller.

Idretten nasjonalt melder at den største utfordringa er mangel på idrettsanlegg, varierte anlegg og vedlikehald av dei eksisterande anlegga. For å drive anleggsutvikling er det avgjerande med ein god og heilskapleg anleggspolitikk og eit godt samarbeid mellom frivilligheita og kommunen.

Bakgrunnen for at det no er sett i gong ein prosess for eigarskapsmelding er at det i arbeidet med kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet blei avdekka uavklarte eigarforhold. Dette er ei utfordring med tanke på anleggsutviklinga, blant anna i forhold til spelemiddelsøknadar, men òg for drift og vedlikehald av dei.

Heradsstyret vedtok i februar 2023 at det skal utarbeidast ein eigarskapsmelding knytt til idrettsanlegg. I juni, i HS-sak 053/23, vart dette utvida til òg å gjelde friluftslivsanlegg.

HS - vedtak 012/23 seier følgjande:

«*Det skal leggast fram ei eigarskapsmelding om idrettsanlegg for behandling i Heradsstyret.*

Eigarskapsmeldinga skal

- *Presentere konsekvensane av om kommunen eller idrettslaget eig idrettsanlegga.*
- *Legge fram forslag til korleis kommunen skal innrette dei økonomiske verkemidlane ein nyttar for utvikling, vedlikehald og drift til anlegga. Dette gjeld (1) drifts- og vedlikehaldsmidlane, (2) leigekontraktar mellom enkelte idrettslag og Osterøy kommune, (3) dekning av straumutgifter og (4) kommunale tilskot til utvikling og rehabilitering av anlegg.*
- *På grunnlag av disse to punkta, legge fram ei tilråding om kommunen eller laga skal eige anlegga.*

Arbeidsgruppa for Kommunedelplanen i idrett og fysisk aktivitet får utvida sitt mandat til å utarbeide denne eigarskapsmeldinga.

Idrettskonsulent Ingri Thomassen vert valt inn som ein del av arbeidsgruppa både for eigarskapsmeldinga og for Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet.

Osterøy har og vil i framtida kunne få andre typar idrettsanlegg som til dømes ridehall, ridebane, motorsportanlegg, rulleskianlegg osb. Eigarskapsmeldinga må difor ha ei drøfting av korleis nye anlegg skal handsamast for å kunne verte ein del av lista og få spelemiddelfinansiering/ anna finansiering på lik line med eksisterande anlegg.

Grunngjeving: Osterøy kommune har mange fine idrettsanlegg spreidd rundt i kommunen. Eigarskapsmeldinga er eit viktig instrument for å sikre ei fornuftig framdrift vidare, og kva politikk og løysingar som skal ligge til grunn for framtidas anlegg og løysingar. Samstundes har kommunen andre idrettsgreiner med aktive miljø, som ikkje ligg under ordninga som eigarskapsmeldinga skal rette seg mot per i dag. For å leggje til rette for ei god utvikling for eit breiast mogleg tilbod må me og ta omsyn til desse andre aktivitetane i eigarskapsmeldinga når denne no vert utarbeidd.»

Vidare kom det eit supplerande vedtak i heradsstyret, i sak 053/23:

«Eigarskapsmeldinga for idrettsanlegg vert utvida til å omfatte friluftsanlegg der Osterøy kommune eig grunnen, og skal svare ut same spørsmål for disse anlegga som for idrettsanlegg (jamfør sak 12/23).»

Dette gjev følgjande mål for eigarskapsmeldinga:

- Beskrive no-situasjonen og bakgrunnen for at det må utarbeidast eigarskapsmelding
- Beskrive ulike eigarskapsmodellar aktuelle for kommunen, med bakgrunn i regelverk og vilkår som gjeld i dag, særskild med tanke på anleggsutviklinga.
- Å beskrive konsekvensar av modellane samt svare på kven som bør eige anlegga no og i framtida med bakgrunnen i eigarskapsmodellane og dei juridiske vilkåra
- Å sikre framtidsretta og føreseielege løysingar for anleggsdrift og -utvikling på Osterøy

No-situasjonen

Anlegg for fysisk aktivitet i Osterøy kommune har fleire formål. Dei fleste større anlegga er tilknytt dei noverande skulekrinsane på Osterøy og vert nytta til både undervisning og den lokale breiddeidretten. Utover undervisningsformål og organisert aktivitet vert fleire anlegg òg nytta av barnehagar. Dei fleste eksisterande idrettsanlegga i kommunen i dag er utvikla av lokale idrettslag i bygdene/områda der anlegga er plassert, gjerne fleire på same idrettsplass.

I Osterøy kommune er det flotte friluftsområde, turvegar, turstiar og skiløyper. Nokre av friluftsområda er statleg sikra, noko som gjev det offentlege råderett over området. Dette er eit verkemiddel for å ta i vare friluftsarealet og allmennheita si tilgang til og bruk av friluftsområdet. Areal for friluftsliv skal òg takast i vare gjennom bruk av plan- og bygningslova. Bergen og Omland

friluftsråd (heretter BOF) har som interkommunalt friluftsråd søkt støtte til både statleg sikring, samt tilrettelegging av fleire område på Osterøy. Områda har ulike grunneigarar der nokre vert drifta av BOF og andre av lag/organisasjonar. Nokre av tilretteleggingstiltaka har vore spelemiddelfinansiert. I anleggsregisteret, som er portalen der ein søker om spelemidlar, er prinsippet at ein idrettsplass eller aktivitetsområde kan ha fleire anleggsnummer. Eksempelvis seier Vestland fylkeskommune at eit kunstgrasdekke har eitt anleggsnummer og friidrettsdekke rundt kunstgrasdekket har eit anna, medan klubbhus eit tredje. For eitt friluftsområde er det gjerne vere fleire element med ulike anleggsnummer. Eksempel kan vera eitt sanitäranlegg, baderampe, tursti knytt til same område. Turstien kan ha vore bygd av eit grendaråd, medan sanitäranlegg og baderampe av kommune eller andre.

Det er god anleggsdekning for både fotball og friidrett i kommunen per i dag. Det vil i framtida vera behov for, og ynskjeleg med varierte anlegg innan idrett og friluftsliv, samt nærmiljøanlegg for eigenorganisert aktivitet. Det er difor viktig å sjå til at eigarskapsmeldinga tar for seg vurderingar som kan gjelde for nye anlegg og aktivitetar.

Anlegg i kommunen

Ei oversikt basert på statsforvaltaren si forståing, gjev oss dette bildet over eigarforhold knytt til ordinære anlegg og nærmiljøanlegg i Osterøy kommune (lista er ikkje uttømmande):

FOTLANDSVÅG IDRETTSPARK

| Anleggsnamn | Eigar av grunn | Eigar av anlegg | Driftar av anlegg |
|------------------|-----------------|------------------------|------------------------|
| Kunstgrasbane | Osterøy kommune | Osterøy kommune | Fotlandsvåg idrettslag |
| Friidrettsanlegg | Osterøy kommune | Fotlandsvåg idrettslag | Fotlandsvåg idrettslag |
| Klubbhus | Osterøy kommune | Fotlandsvåg idrettslag | Fotlandsvåg idrettslag |
| Ballbinge | Osterøy kommune | Fotlandsvåg idrettslag | Fotlandsvåg idrettslag |
| Reiskapshus | Osterøy kommune | Fotlandsvåg idrettslag | Fotlandsvåg idrettslag |

FURUBAKKEN – VALESTRAND

| Anleggsnamn | Eigar av grunn | Eigar av anlegg | Driftar av anlegg |
|-----------------|-----------------|---------------------|---------------------|
| Kunstgrasbane | Osterøy kommune | VHFK | VHFK |
| Klubbhus | Osterøy kommune | VHFK | VHFK |
| Aktivitetsflate | Osterøy kommune | Valestrand helselag | Valestrand helselag |

HAUSVIK IDRETTSPLESS

| Anleggsnamn | Eigar av grunn | Eigar av anlegg | Driftar av anlegg |
|---------------------|--------------------------------------|----------------------|----------------------|
| Kunstgrasbane | Opplysningsvesenets fond (OK fester) | Hausvik fotballklubb | Hausvik fotballklubb |
| | Opplysningsvesenets fond (OK fester) | Hausvik fotballklubb | Hausvik fotballklubb |
| Delfriidrettsanlegg | Opplysningsvesenets fond (OK fester) | Osterøy kommune | Hausvik fotballklubb |
| Klubbhus | Osterøy kommune | Hausvik fotballklubb | Hausvik fotballklubb |
| Ballbinge | Opplysningsvesenets fond (OK fester) | Osterøy kommune | Haus grendaråd |

HJELLVIK

| Anleggsnamn | Eigar av grunn | Eigar av anlegg | Driftar av anlegg |
|--------------------|---------------------|---|-------------------|
| Kunstgrasbane | Osterøy kommune | Hjellvik IL /OK ² (87%/13%) | Hjellvik IL |
| Ballbinge | Osterøy kommune | Osterøy kommune | Hjellvik IL |
| Tennisbane | Osterøy kommune | Osterøy kommune | Hjellvik IL |
| Sandvolleyballbane | Hjellvik ungdomslag | Hjellvik IL | Hjellvik IL |

OSTERØY STADION - LONEVÅG

| Anleggsnamn | Eigar av grunn | Eigar av anlegg | Driftar av anlegg |
|------------------|-----------------|-----------------|-------------------|
| Kunstgrasbane | Osterøy IL | Osterøy IL | Osterøy IL |
| Friidrettsanlegg | Osterøy kommune | Osterøy kommune | Osterøy IL |
| Grasbane | Osterøy kommune | Osterøy kommune | Osterøy IL |
| Klubbhus | Osterøy IL | Osterøy IL | Osterøy IL |
| Osterøyhallen | Osterøy kommune | Osterøy aktiv | Osterøy aktiv |

ØVRIGE IDRETTSANLEGG

| Anleggsnamn | Stad | Eigar av grunn | Eigar av anlegg | Driftar av anlegg |
|-------------|------------|-----------------|-------------------------|-------------------------|
| Ballbane | Tysse | Osterøy kommune | Tysse grendaråd | Tysse grendaråd |
| Ballbinge | Hamre | Osterøy kommune | Hamre grendaråd | Hamre grendaråd |
| Ballbinge | Valestrand | Osterøy kommune | Valestrand grendaråd | Valestrand grendaråd |
| Klatrevegg | Lonevåg | Osterøy kommune | Osterøy klatrekubb | Osterøy klatrekubb |

¹ Hausvik FK rehabiliterte lysanlegget i 2023, dermed stod klubben som eigar av spelemiddelsøknaden. Klubben vart då oppført som eigar av kunstgrasbana i anleggsregisteret då lysanlegg er eit tilleggselement under same anleggsnummer som kunstgrasbana.

² Det delte eigarskapet heng saman med prosessen av sal av skulebygget på Hjellvik.

| | | | | |
|---------------------|--------|------------------------------------|---------------------|---------------------|
| Skytebane ute | Tysse | Privat (Osterøy skytterlag fester) | Osterøy skytterlag | Osterøy skytterlag |
| Skytebane inne | Bruvik | Knausane ungdomslag | Knausane ungdomslag | Knausane ungdomslag |
| Ballbinge/multibane | Bruvik | Bruvik idrettslag | Bruvik idrettslag | Bruvik idrettslag |

FRILUFTSLIVSANLEGG

| Anleggsnamn | Stad | Eigar av grunn | Eigar av anlegg | Driftar av anlegg |
|-------------------------------|---------------|-------------------|-----------------|------------------------------|
| Dagsturhytta - Brakabu | Erstadfjellet | Privat grunneigar | Osterøy kommune | Osterøy turlag |
| Husavatnet friluftsområde | Lonevåg | Osterøy kommune | Osterøy kommune | Bergen og omland friluftsråd |
| Kossdalsvegen ³ | Hosanger | Privat | Uavklart | Kossdalens vener |
| Lysløype | Rolland | Privat grunneigar | Osterøy IL | Osterøy IL |
| Lysløype | Vare | Privat grunneigar | Fotlandsvåg IL | Fotlandsvåg IL |
| Sperneset ved Hosanger kyrkje | Hosanger | Osterøy kommune | Osterøy kommune | BOF |

STATLEG SIKRA FRILUFTSLOMRÅDER

| Anleggsnamn | Stad | Eigar av grunn | Eigar av anlegg | Driftar av anlegg |
|--------------------------------------|-------------|----------------------|------------------------------------|-----------------------------|
| Eidsvika ⁴ friluftsområde | Bruvik | Osterøy kommune | | BOF |
| Hanstveitholmane | Fotlandsvåg | Privat grunneigar | BOF – Bergen og Omland friluftsråd | BOF |
| Hjellvikstranda | Hjellvik | Private grunneigarar | BOF – Bergen og Omland friluftsråd | BOF |
| Kleiveland | Kleiveland | | | BOF |
| Sanatoriet | Haus | Osterøy kommune | Uavklart | Haus grendaråd ⁵ |
| Selvika | Fotlandsvåg | Miljødirektoratet | BOF | Osterøy kommune |

ANDRE FRILUFTSOMRÅDER

| Anleggsnamn | Stad | Eigar av grunn | Eigar av anlegg | Driftar av anlegg |
|-----------------------------|---------|-------------------|-----------------|-------------------|
| Leikneset badeplass | Haus | Privat grunneigar | Osterøy kommune | BOF |
| Klokkarneset friluftsområde | Lonevåg | Osterøy kommune | Osterøy kommune | BOF |

³ Ikkje formelt eit anlegg. Prosess med utbetring, ventar på vurdering av eigarskap av anlegg (veg)

⁴ Området er statleg sikra, men det er ikkje skreve avtale med BOF om ansvar for drift. Per i dag står det ingen anlegg på staden, men det vert vurdert å lage padlehuk.

⁵ Sanatoriet i Haus er i ferd med å bli restaurert, men det er uklart i avtalen kven som eig og som dermed har ansvar for å ta i vare anlegga. I 2023 vert det bygd brygge, Haus grendaråd eig byggesøknaden, men det er uklart om Osterøy kommune gje eit lag eit langsiktig ansvar for vedlikehaldet når området er statleg sikra.

| | | | | |
|---------------------------|------------|-------------------|---|----------------|
| Lysløype | Rolland | Privat grunneigar | Osterøy IL | Osterøy IL |
| Lysløype | Vare | Privat grunneigar | Fotlandsvåg IL | Fotlandsvåg IL |
| Neset ved Hosanger kyrkje | Hosanger | Osterøy kommune | Osterøy kommune | BOF |
| 250 m skogen ⁶ | Valestrand | Osterøy kommune | Ikkje anlegg per i dag, lokalsamfunnet ynskjer å bygge opp att. | |

OSTERØYHALLEN

Osterøyhallen er i dag eigd, vert drifta og forvalta av det kommunale selskapet Osterøy aktiv AS. Osterøy aktiv står for drift, vedlikehald og utvikling av Osterøyhallen.

Kommunen leiger hallen for bruk til undervisning, samt gratis bruk for born og unge i kvardagane fram til kl. 19:00. Elles kan andre utover dette leige treningstid i hallen ved kapasitet. Det er i gong eit arbeid for å finne løysingar for utviding av fleirbruksallen då det er behov for utvida bruk av anlegget.

Osterøyhallen og Osterøy Aktiv AS vert følgt opp via eigarskapsmeldinga for selskapa Osterøy kommune har eigarskap i, og vil difor ikkje bli nærmere drøfta i denne meldinga.

Vilkår

Staten har som mål å legge til rette for at flest mogleg kan drive med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Kulturdepartementet, klima- og miljøverndepartementet og helse- og omsorgsdepartementet har ansvar for utforminga av politikken. Staten legg føringar for den kommunale planlegginga innanfor idrett og fysisk aktivitet gjennom blant anna:

1. særleg fokus på barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne
2. rammefordeling av spelemidlar til fylkeskommunane
3. satsing på anlegg som kan nyttast av mange og til eigenorganisert aktivitet

Kva type anlegg som vert bygd er i hovudsak eit resultat av regionale- og lokale behov og prioriteringar.

Ein del overordna føringar er utanfor Osterøy kommune sin kontroll. Dette er både juridiske- og økonomiske vilkår innan bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, og for tilrettelegging for friluftsliv.

⁶ Valestrand grendaråd ynskjer å bygge opp att 250 m skogen etter brannen for nokre år sidan. Det må då utformast ein leigeavtale, der det ikkje er nokon tvil om kven som eig anlegget som blir bygd. Det anlegget som brann, var eigd av kommunen.

Dei juridiske vilkåra dannar grunnlaget for rammer og føringar for anleggsutvikling. I tillegg ligg det føre lokale vilkår i form av drifts og vedlikehaldsavtalar, støtteordningar, anna lokal praksis for bygg, drift og vedlikehald av anlegg.

NASJONALE VILKÅR

Der kommunen skal eige anlegget, må det alltid vurderast om det er krav om å forholda seg til *Lov om offentlege anskaffingar* (Lovdata, 2016), før ein startar arbeidet med bygging, utvikling og rehabilitering.

Sommaren 2022 hadde Osterøy kommune tilsyn frå statsforvaltaren angåande forureiningsforskrifta kapittel 23A (2004). Denne paragrafen er knytt til kunstgrasbaner og gummigranulatsvinn. I tilsynet opererte statsforvaltaren med ei tredeling av grunn og anlegg: Eigar av grunn, eigar av anlegg og driftar av anlegg. I anleggsregisteret føreheldt kulturdepartementet seg til ei todeling: Eigar av anlegg og driftar av anlegg, der siste søkjær av spelemidlar står formelt som eigar av anlegget.

Ulike eigarar av ulike deler av det totale anlegget og statsforvaltar sin tolking skapar til saman ein uoversiktleg situasjon over kven som eig kva, og vidare kven som har ansvar for kva.

Forureiningsforskrifta kapittel 23A tredde i kraft i 2021 for å hindre utslepp og spreiling av plastholdig laust fyllmateriale, det vi kjenner som gummigranulat. For idrettsanlegg der gummigranulat er nytta som fyllmasse, følgjer det krav jf §23A-4. For utandørs fotballbaner på Osterøy gjeld dette blant anna tiltak for å samle opp og for å hindre spreiling av gummigranulat. Det er under ei ny EU-restriksjon gjeldande frå 2031 eit forbod om å omsetje plastholdig laust fyllmateriale som dekkjer kriteria til mikroplast. Noko som i praksis betyr at det ikkje er mogleg å kjøpe slike fyllmateriale – type gummigranulat - til bruk på kunstgrasbaner etter 2031. Sjølve bruken vil ikkje vera forbode(miljødirektoratet, 2023).

I høve «*Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet*»(Kultur- og likestillingsdepartementet, 2023) punkt 4, plikter anleggseigar seg til blant anna:

- Å halde anlegget opent for allmennheta i 10 år for nærmiljøanlegg og 30 år for ordinære anlegg.
- Å halde anlegget i god stand, som vil seie å følgjer sikkerheitsforskrift til ei kvar tid, og at anlegget vert vedlikehalde slik at slitasjen vert i tråd med bruk og elde. Anlegget skal vera funksjonelt for den/dei idrettar/aktivitetar det er bestemt bruk for.
- drift, det vil sei at dei utfører dei oppgåver og rutine som er naudsynte for at anlegget skal fungera som planlagt, både funksjonelt, teknisk og praktisk.

Brot på gjeldande plikter kan i verste fall føre til at anleggseigar må tilbakebetale tildelte spelemidlar gjenstående den tida anlegget skal haldast opent for allmennheta, jf. 4.5 *Mislighold og misligholdsbeføyelser*.

I «*bestemmelsene*» vert det stilt strenge krav til korleis ein kan bygge eller rehabilitera eit anlegg for å få tildeling av spelemidlar. Disse vert oppdatert årleg. Enkelte år med små endringar, andre med år med store endringar, noko som kan påverke vilkåra i eigarskapsmeldinga.

Vilkår for refusjon av meirverdiavgift (2024) (heretter kalla MVA-kompensasjon) vert handtert av Lotteri- og stiftelsestilsynet. Fram til rundt midten av 2010-talet var det kommunen som stort sett eigde den økonomiske prosessen med anleggsutvikling fordi ein då fekk full MVA-kompensasjon. I 2010 endra disse reglane seg. Lag og organisasjonar kunne då søke sjølve om refusjon til bygging av anlegg, og med det trengte ikkje lenger kommunane å vere ein aktiv part i prosessen. I 2015/2016 vart det innført mogelegheit til full refusjon av all MVA i forbindelse med bygging av anlegg. I statsbudsjettet for 2023 vart det innført automatisk full kompensasjon (Kultur- og likestillingsdepartementet, 2022).

For den enkelte idrett, er det interesseorganisasjonen som har utarbeidd ulike reglar og retningslinjer som gjeld for sine idrettar. Til dømes har Norges fotballforbund rettleiarar og krav til fotballbaner alt etter kva divisjon laget spelar i (som banestørrelse, dekke, sikkerheitssoner og krav til lys). Dette er retningslinjer som kjem igjen i «*bestemmelsene*», og som difor gjev nasjonale føringar for korleis anlegga skal og må utviklast.

For at friluftslivsaktivitetar skal vera tilgjengeleg for heile befolkninga er det viktig med fysisk tilrettelegging, samstundes som det må takast omsyn til naturverdiar og opplevingsverdiar. Dette skal sikrast gjennom friluftslova, naturmangfaldslova og kulturminnelova. Allemannsretten gjev rett til ferdsel, opphold og hausting i naturen, men det forutset at dette går føre seg omsynsfullt i høve naturmiljø, grunneigarar og andre brukarar. Hovudregelen er at ferdsel i utmark er tillat heile året og føreset både at ein opptrer omsynsfylt og varsamt. Ferdsel i innmark er meir avgrensa både med omsyn til tid og stad.

Avtalar med grunneigarar må vera på plass for å kunne gjennomføre tilretteleggingstiltak for idrett eller friluftsliv i naturen. Dette er blant anna eit krav i spelemiddelsøknadar og er ein føresetnad for å kunne gjere fysiske tiltak på turstiar og i friluftsområde.

LOKALE VILKÅR

I kommunens plansystem ligg det nokre føringar for kva prioriteringar som skal gjerast i høve idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Eksempelvis i planstrategi, kommuneplanens samfunnsdel og arealdel, kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, temaplan for friluftslivets ferdelsårer og friluftsområde.

Spesifikke vilkår for anlegg finn vi i lokale avtalar danna mellom idrettslag og Osterøy kommune ang etablering og drift av idrettsanlegg i 2010/2011⁷. I avtalen stod kommunen som eigar av anlegg

⁷ Saksnummer: 11/540, 11/965, 11/966, 11/967, 11/968, 05/1915

kommunen eig grunnen til. Det blei presisert at laget som var primær brukar av anlegget stod ansvarleg for drift og vedlikehald, ved hjelp av årlege kommunale tilskot. Desse avtalane er no om lag 13 år og mykje har endra seg i høve lovverk og vilkår for bygging, drift og vedlikehald (jamfør nasjonale vilkår). Avtalane er ikkje oppdatert med tanke på desse, sjølv om nokre av dei er oppdaterte i forbindelse med nye spelemiddelsøknadar. Det er endå endringar av regelverka med ujamne mellomrom. Derfor er det eit stor behov å få til avtalar som speglar regelverket som er gjeldande i dag og som enklare kan tilpassast endringar i framtida.

I tillegg har det tidlegare vore praksis at kommunen har ytt tilskot i høve bygging av idrettsanlegg som står på kommunal grunn. Størrelsen på tilskotet har vore 25 % av spelemiddeltilskotet ([Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2008-2019](#))⁸. Så lenge kommunen eigde spelemiddelsøknad og anlegg, kunne disse løyvingane gå via driftsbudsjettet. Eig laga anlegga, må tilskot førast på driftsbudsjettet.

KOMMUNALE STØTTEORDNINGAR til idrett og fysisk aktivitet er svært viktig for å legge til rette for lagsaktivitet. I Osterøy kommune er det primært den organiserte idretten som har fått økonomisk støtte:

- Støtte med kommunal tomt
- Økonomisk støtte til lag og organisasjoner som ynskjer å bygge anlegg som står på kommunal grunn.
- Økonomisk støtte til drift og vedlikehald over driftsbudsjettet. Idrettsrådet fordeler midlane etter søknader frå idrettslaga
- Leige av anlegg til undervisningsformål
- Straumstøtte til anlegga
- Bruk av garderobar i kommunale bygg i samband med trening og kampar.
Alle idrettslag/fotballklubbar utanom Hausvik FK nyttar garderobar i skulebygg eller i Osterøyhallen ved trening og kampar.

⁸ Kommunedelplanen blei vedteken forlenga ut 2025 jf HS-vedtak 072/23

| Kommunale utbetalingar | SUM 2021 | SUM 2022 | SUM 2023 | Kommentar |
|--|---------------------------|--|---------------------------|--|
| Drift og vedlikehaldsmidlar til idrettslag som driftar idrettsanlegg. | Kr 490 000,- | Kr 500 000,- | Kr 500 000,- | Tilskotspott over budsjettet til drift og vedlikehald. Idrettsrådet fordeler basert på søknadar frå laga |
| Leige av Osterøyhallen til undervisningsformål - Mellom klokka 08:00-16:00 | Ca kr 530 000,- | Kr 562 792,- | Kr 601 490,- | |
| Leige av Osterøyhallen for gratis trening til born og unge - fram til klokka 19:00 | Ca kr 106 000,- | Kr 112 558,- | Kr 120 298,- | |
| Leige av kunstgrasbana i Fugledalen | Kr 246 381,- (197 105) | Kr 257 881,- (206 305) | 271 297,50 (217 038,-) | Osterøy IL eig grunnen kunstgrasbana står på. Kommunen leiger kunstgrasbana til undervisningsformål |
| Drift av dagsturhytta | Kr 10 000 | Kr 10 000,- | Kr. 10 000 | Osterøy Turlag driftar |
| Straumutgifter tilknytt idrettsanlegga | Kr 182 736,- | Kr 223 675,- Ført i visma Kr 237 386,- | | Ein form for driftstilskot |

Anleggsutviklinga i Osterøy kommune har vore prega av at idrettslaga sjølve har definert behov, utvikla planer og sørga for at anlegg har blitt bygd eller rehabiliter. Osterøy kommune var aktiv som anleggseigar fram til lag og organisasjonar sjølve kunne søke full MVA-kompensasjon i 2015/2016, men trekte seg då ut av all anleggsutvikling og gjekk over i rolle som grunneigar og saksbehandlar av spillemiddelsøknader. Avtalene mellom kommunen og dei ulike laga vart ikkje oppdatert, og er difor uklare med tanke på eigarforholda for anlegga.

TILRETTELEGGING FOR FRILUFTSLIV

Tidlegare har friluftslivsanlegg vore kommunalt eigd, og drifta av både kommune og grenadaråd/ungdomslag. Bergen og Omland friluftsråd forvaltar og driftar no fleire friluftsområde i kommunen. Hausten 2022 gjekk Osterøy kommune inn i prosjektet «Ro- og padleruter i Vestland 2022-2026», initiert av Vestland fylkeskommune og BOF. Dette er eit interkommunalt prosjekt, der planen er å legge til rette for meir aktivitet i vatn og på sjø. Her er målet blant anna å kartlegge moglegheitene for å drive med roing og padling på og rundt Osterøy. Ro- og padlerutene skal saman med kommunar rundt danne eit nettverk av padleruter som til slutt kan utgjere ei eller fleire padleleier i Vestland. Rutene skal så leggast inn i ein nasjonal padleapp med informasjon og gradering av rutene. I planen skal det framkoma kva områder det skal prioriterast å fysisk legge til rette for utsetting, i land stigning, skilting, parkering, sanitæranlegg og overnatting.

På våren 2023 sokte kommunen midlar hjå Vestland fylke for å lage ein plan for friluftslivets ferdelsårer, ein plan som ligg i planstrategien for 2021-2024. Målet er å kartlegge ferdelsårer på land, i vatn og sjø og utarbeide ein tiltaksplan for å ta i vare og fysisk legge til rette ulike ferdelsårer, utvikle nye eller endre på ferdelsårer med til dømes for høg ferdsel. Denne planen skal sjåast i samanheng med ro- og padlerute-prosjektet. Det skal utarbeidast mål tilpassa lokale forhold som er realistiske og som skal legge til rette for fysisk aktivitet i naturen. Prinsippa i eigarskapsmeldinga vil vera førande for kven som er eigar av fysiske tilretteleggingar av tiltak i prioriterte ferdelsårer og friluftsområde. I planen skal det avklarast roller og ansvar for korleis ta i vare dei prioriterte ferdelsårene og friluftsområda. Dette gjeld drift, vedlikehald og fysisk tilrettelegging, samt skal skape føreseielege vilkår og likebehandling for involverte partar som grunneigarar, lagorganisasjonar, interkommunale organisasjonar og kommunen.

MODELLAR OG VURDERING AV EIGARFORHOLD

I utforminga av modellar for ulike eigarforhold er det tatt utgangspunkt i ein rapport frå Hamar kommune når det vert presentert modellar for eigarskap og drift av anlegg. Rapporten er utarbeidd av firmaet Oslo Economics som er rådgjevarar og analyserer økonomiske problemstillingar for bedrifter og organisasjonar. Rapporten (Oslo economics, 2018) beskriv effektar ulike eigarskapsforhold har på drift av idrettsanlegg. I og med at Hamar kommune har ein del større nasjonale anlegg vil ikkje den delen av rapporten som dette angår, vera aktuelle for anlegga i Osterøy kommune. Likevel ser vi at dei anlegga som er i kommunen i dag går inn under enklare anlegg og middels krevjande anlegg med undervisningsformål. Under vert det summert opp den vurderingane som er gjort for desse typane.

Fullstendig rapport kan lesast her [Modeller for drift av idrettsanlegg i Hamar kommune](#)

Aktuelle modellar for eigarskap

I Osterøy kommune er grunneigarforholda avklart, med unnatak av Hausvik idrettspark der Opplysningsvesenets fond eig delar av bana.

Rapporten vurderer at:

- Idretten bør vere sterkt involvert i drift uavhengig kva eigarform for anlegget som vert valt.
- Kommunen bør ha ei rolle for å sikre
 - tilgang til undervisningsformål (skular og barnehagar)
 - tilgang for alle innbyggjarar for å kunne utøve fysisk aktivitet.
- Tilskotsordning bør vere vurdert som god og rettferdig for idrettslaga.

ALTERNATIV 1

Anlegga vert eigmært, drifta og forvalta av frivillig lag eller organisasjon. Vilkår for at grunnen vert leigd ut, er at det vert gjeve tilgang til idrett-, friluftslivs- og undervisningsformål. Økonomisk støtte frå kommunen vert gitt som leigeinntekter etter avtale. Dette inneber leige til undervisningsformål og til ålment bruk.

Andre aktuelle støtteordningar kan vera:

- Forskottering av spelemiddeltilskot i form av kommunal garanti på låneopptak – med vilkår om ferdig prosjekt/revidert rekneskap
- Hovudstøtte: Ein fast sats per medlem av idrettslaget. Hovudstøtte kan variere ut frå verdien av anlegget og driftskostnadene.
- Støtte i form av vederlagsfri bruk av kommunal grunn
- Fagleg støtte i høve anleggsbygging og tilskotsordningar
- Leige av anlegget for bruk til undervisningsformål
- Straumstøtte til anlegget
- Særskilde tilskot til enkeltprosjekt – må behandlast politisk
- Nyte garderober og dusj i skulebygg/Osterøyhallen ved trening og kampar

Konsekvensar for idrettslaget kan vere at dei

- utviklar anlegget og søker spelemidlar etter sine behov og økonomiske føresetnader.
- opplever å ta på seg meir ansvar. Eigarskap til anlegget fører og med seg engasjement til å drifte både anlegget og laget på ein god måte.
- avlastar kommunens eigen ressursinnsats. Kommunen vil heller få ei reindyrka og avgrensa rolle knytt til individuell rettleiing i prosjektperioden i høve søknadar om tilskot og dokumentasjonsplikt jamfør gjeldande lovverk og retningslinjer.

Dei fleste anlegg i kommunen er spelemiddelfinansiert. Det vil seie at det følgjer pliktar og ansvar med tilskotet. Blant anna skal anlegget haldast opent til allment bruk for idrett/fysisk aktivitet i 20-30 år.

Dersom eit lag skal ta over eigarskap til anlegg der kommunen er grunneigar, er det naudsynt å inngå vilkår i samband med overtakelsen. Overtakinga skal skje utan vederlag og i god dialog med det aktuelle laget.

ALTERNATIV 2

Anlegga vert eigd av kommunen og kommunen inngår langsiktig avtale om bruksrett med idrettslaga som står for drifta. Driftstilskotet slik vi kjenner det i dag, held fram, men idrettslaga har ikkje mandat til å utvikle eller rehabilitera anlegga utan at kommunen eig prosjektet.

Dette vil gje følgjande konsekvensar:

- Kommunen står som eigar av anleggsutvikling og spelemiddelsøknader. Anleggsprosjekt må førast inn på investeringsbudsjettet og handsamast på same måte som andre investeringsprosjekt i kommunen.
- Ved utvikling av nye anlegg samt rehabilitering av eksisterande anlegg, vil desse prosjekta bli styrt av kommunens økonomi og kapasitet, og opp mot investeringsbudsjett og prioritering.

Kommunen har større avstand til sjølve bruken av anlegget og derfor kan effektiv forvaltning og kvalitet på anlegget svekkast i samanlikning med modellen over.

Det vil vere noko tydelegare kommunal kontroll med denne modellen då kommunen formelt sett står som eigar av anlegget. Vidare kan kommunen sette vilkår for forvaltning og drift, og kan ved avtalebrot krevje tiltak/utbetring av forhold, eller heve avtalen.

Vurdering og konklusjon

Det vert skilt mellom grunneigar og anleggseigar i den lokale vurderinga. Grunneigar eig grunnen anlegget står på. Anleggseigar eig sjølve anlegget og skal driva anlegget på ein tilfredsstillande måte, eventuelt nytte andre til å drifte gjennom eigne driftsavtalar.

I vurderinga av kva variant av eigarskap vi skal ha for idrett- og friluftsanlegg, må (1) dei juridiske vilkåra imøtekoma. Eigarskapet til anlegga må (2) vera føreseielege og framtidssretta, og (3) bidra til likebehandling av laga. Ein må (4) treff behova til lag og organisasjonar som jobbar iherdig for fysisk aktivitet i kommunen og utvikling av anlegg, samt (5) legge til rette for eit godt samarbeid mellom laga og kommunen.

Med bakgrunn i disse forholda, vurderer Osterøy kommune at **alternativ 1** der eigarskapet til anlegget ligg til idrettslaga er mest hensiktsmessig for både drift, vedlikehald og for utvikling av anlegget. For nye anlegg, både nærmiljøanlegg og ordinære anlegg for idrett og friluftsliv vil dei same vilkåra gjelde.

Referansar

Klima- og miljødepartementet. (1957, juni 28). *Lov om friluftsliv*. Hentet fra Lovdata: <https://lovdata.no/lov/1957-06-28-16>

Klima- og miljødepartementet. (1978, juni 09). *Lov om kulturminner (kulturminneloven)*. Hentet fra Lovdata: <https://lovdata.no/lov/1978-06-09-50>

Klima- og miljødepartementet. (2004, juni 01). *Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)*. Hentet fra Lovdata: <https://lovdata.no/forskrift/2004-06-01-931>

Klima- og miljødepartementet. (2009, juni 19). *Lov om forvaltning av naturens mangfold*. Hentet fra Lovdata: <https://lovdata.no/lov/2009-06-19-100>

Kultur- og likestillingsdepartementet. (2022, oktober 06). *Full momskompensasjon for idrett og frivillighet*. Hentet fra Regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/full-momskompensasjon-for-idrett-og-frivillighet/id2931624/>

Kultur- og likestillingsdepartementet. (2023, juni). Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2023 . Oslo, Norge.

Lotteri- og stiftelsestilsynet. (2024, februar). *Momskompensasjon til idrettsanlegg*. Hentet fra lotteri- og stiftelsestilsynet: <https://lottstift.no/for-frivilligheten/sok-momskompensasjon-pa-idrettsanlegg/>

Lovdata. (2016, juni 17). *Lov om offentlige anskaffelser*. Hentet fra Lovdata: <https://lovdata.no/lov/2016-06-17-73>

Miljødirektoratet. (2020, desember). *våre ansvarsområder/overvåking, arealplanlegging/konsekvensutredninger for klima og miljø/vurdere miljøkonsekvensene av planen eller tiltaket/ 3.4: friluftsliv*. Hentet fra miljødirektoratet.no: [https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/konsekvensutredninger/vurdere-miljokonsekvensene-av-planen-eller-tiltaket/friluftsliv/](https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/konsekvensutredninger/vurdere-miljokonsekvensene-av-planen-eller-tiltaket/friluftsliv/)

Miljødirektoratet. (2023, 11 10). *Plastholdig fyllmateriale på kunstgressbaner*. Hentet fra Miljødirektoratet.no: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/avfall/avfallstyper/gummigranulat-fra-kunstgressbaner/>

Oslo economics. (2018). *Modeller for drift av idrettsanlegg i Hamar kommune*. Oslo: Oslo economics.

regjeringen.no. (2014, juni 23). *Veileder for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet*.

Hentet fra Regjeringen.no:

https://www.regjeringen.no/contentassets/21f3c112654a45fc82560215fb16e78d/veileder_kommunal_planlegging_for_idrett_og_fysisk_aktivitet_2014_endret.pdf